



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
16.11.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/15200 730
Dykkar referanse

Kommunane v/rådmann
Bergen kommune, Byrådsavdeling for helse og omsorg v/kommunaldirektør
Bergen kommune, Byrådsavdeling for sosial, bolig og inkludering v/kommunaldirektør

Tilskot til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov - søknad om tilskot 2017 og rapport om tilskot 2016

Søknad om tilskot for 2017

Tilskotsordninga er kunngjort med atterhald om Stortingets behandling av forslag til Statsbudsjett 2017 (Prop. 1 S (2016-2017) Helse- og omsorgsdepartementet.

Søknadsfristen er 1. februar 2017. Informasjon om regelverk for tilskotet og søknadsskjema finn de på nettsida til Helsedirektoratet:

[Tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov.](#)

Vi ber om at de fyller ut eitt søknadsskjema for kvart tiltak/prosjekt som de søkjer om tilskot til.

Rapportering av tilskot motteke i 2016

Vi viser til tildelinga av tilskot i 2016 til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester og barn og unge med samansette hjelpebehov kapittel 0765 post 60.

Rapporteringsfristen er 1. februar 2017. Krav til rapportering går fram i brevet om tildeling av tilskot og tilskotsreglementet som de fekk tilsendt i 2016. Det skal nyttast eige rapporteringsskjema til rapporteringa, sjå vedlegg. Vi ber om at de fyller ut eitt rapporteringsskjema per tiltak/prosjekt som de har motteke tilskot til.

Revisorstadfesting av rekneskap skal sendast Fylkesmannen innan 31.3.2017.

Dersom tilskot ubetalt i 2016 ikkje er nytta, må de søkje om å få desse midlane overført til 2017. Overførte midlar vert trekte frå tildelinga i 2017.

For at vi skal kunne vurdere både søknader og rapporteringar er det viktig med så utfyllande informasjon som mogeleg under kvart punkt i både i søknads- og rapporteringsskjema.

Send søknads- og rapporteringsskjema med e-post til: fmhopostmottak@fylkesmannen.no.

Søknadsskjema skal merkast med saksnummer 2016/14325.

Rapporteringskjema skal merkast med saksnummer 2015/15200.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Mona Fauskanger
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Regelverk
2. Søknadsskjema
3. Rapporteringskjema for tilskot tildelt i 2016 frå kap 0765 post 60